



ALLTID BEREDT

## Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

---

<b>Tid:</b>	Torsdag 21. jan. 2021 kl. 20:00
<b>Stad:</b>	Zoom videochat
<b>Tilstades:</b>	Erik Bloch, Marius Johannessen, Magnus Molland (vara), Øyvind Gulliksen (vara), Magnus M. Aronsen (Vara),
<b>Frå adm.:</b>	Hildegunn L. Fjelland
<b>Andre:</b>	
<b>Forfall:</b>	Brage Fiskå, Solveig Lanes, Espen Sørensen
<b>Referent:</b>	Hildegunn L. Fjelland

---

Kretsleiar leia styremøte.

### Saksliste

RK-sak 01/2021	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 02/2021	Godkjenning av referat frå styremøte 11. november 2020
RK-sak 03/2021	Rekneskap for 2020
RK-sak 04/2021	Budsjett for 2021
RK-sak 05/2021	Årsmelding for 2020
RK-sak 06/2021	Forslag frå valkomitèen
RK-sak 07/2021	Terminliste 2021
RK-sak 08/2021	Evaluering av roverstøtte- utsetje?
	Eventuelt

**RK-sak 01/2021: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Ingen merknadar.

*VEDTAK: Innkalling og saksliste vert godkjent.*

**RK-sak 02/2021: Godkjenning av referat frå styremøte 11. november 2020**

Ingen merknader til referatet.

*VEDTAK: Referatet frå styremøtet 11. november 2020 vert godkjent.*

**RK-sak 03/2021: Rekneskap for 2020**

Kretsstyret har ingen merknader til rekneskapen.

*VEDTAK: Rekneskap for 2020 vert godkjent.*

**RK-sak 04/2021: Budsjett for 2021**

NM i speiding vert endra til ein lokal superfinale. Utgifter knytta til reise fell difor vekk. Kretsstyret vil difor budsjettere med kr. 0 på «6430 Reisetilskudd, NM i speiding» og halvere «6440 Deltageravgift, NM i speiding».

*VEDTAK: Budsjett for 2021 vert godkjent med endringar i post 6430 og 6440.*

**RK-sak 05/2021: Årsmelding 2020**

Ingen merknadar

*VEDTAK: Årsmelding for 2020 vert godkjent.*

**RK-sak 06/2021: Forslag frå valkomiteen**

Ingen merknadar

*VEDTAK: Forslaga frå valkomiteen vert godkjent.*

**RK-sak 07/2021: Terminliste 2021 og vår 2022**

Grunna endringar i gjennomføringa av NM i speiding må me flytte kretskonkurransen. Kretskonkurransen skal kvalifisere patruljar til NM i speiding. Nytt i år er at alle kretskonkurransar må bruke minst to oppgåver som forbundet skal lage. Desse oppgåvene vil ikkje vere klare til april. Kretsstyret føreslår difor å flytte kretskonkurransen til 11-12 juni. 13. juni skal den lokale superfinalen avholdast (NM).

Det er kome forslag frå kretskonkurranseskomiteen om å avlyse småspeidarkonkurransen. Dette for å minke antal personar som vert samla dersom kretskonkurransen vert avholdt felles i kretsen. Kretsstyret støttar dette forslaget.

*VEDTAK: Terminlista vert godkjent med dei framlagte endringane.*

**RK-sak 08/2021: Evaluering av roverstøtte- utsetje?**

På kretstingets årsmøte i 2019 var det vedtatt å opprette ei støtteordning for roverar som deltek på nasjonale roverarrangement. Det vart også vedtatt at denne ordninga skulle evaluerast etter to år. Kretsstyret syntes ikkje me har eit godt nok grunnlag for å vurdere denne ordninga no. Det siste året har det ikkje vore nokon nasjonale arrangement å delta på. Kretsstyret vil difor utsetje evalueringa til me har eit godt grunnlag å gjere evalueringa på.

*VEDTAK: Evaluering av støtteordninga for roverar som deltek på nasjonale roverarrangement vert utsatt.*

#### **Eventuelt**

- Kretsleiar har snakka med forbundet angående roveraktivitet i kretsen. Forbundet ynskjer å vite kva aktivitet som er i kretsen, kva støtte roverane treng frå forbundet o.l. Kretsstyret drøfta spørsmåla frå forbundet, men hadde ikkje noko særleg tilbakemeldingar. Kretsleiar vil prøve å kome i kontakt med andre roverar i kretsen og høyre kva dei tenkjer.